



# JORDSKIFTERETTANE

## ÅRSRAPPORT 2004



## STADIG STOR SATSING PÅ SMÅ KRAFTVERK

Interessa for utbygging av små kraftverk er stadig stigande. Mange jordskifterettar melder om ein straum av spørsmål rundt rettsforhold som knyter seg til mindre vassdrag. Det blir arrangert kurs og temadagar om mikro-, mini- og småkraftverk, og representantar for jordskifterettane stiller gjerne opp og orienterer om rettsforhold i vassdrag. (Bildet: Jordskiftedommar Vidar Bergtun orienterer på konferansen Areal og Eiendom 2004.) Rettsutgreiing og utarbeiding av bruksordningsreglar ved jordskifteretten kan legge til rette for gjennomføring av utbyggingsplaner.



### 34 JORDSKIFTERETTAR 5 JORDSKIFTEOVERRETTAR

Jordskifterettane er fellesnamnet på det som tidlegare heitte Jordskifteverket. Den administrative leiinga ligg i Landbruks- og matdepartementet (bildet). Jordskifterettane omfattar 34 jordskifterettar (førsteinstans), fem jordskifteoverrettar (ankeinstans), administrativ leiing og teknisk støtteapparat – med om lag 270 årsverk.



### FRÅ LMD TIL DA

I desember 2003 vedtok Stortinget at jordskiftearbeidet framleis skal utførast av jordskifteretten som domstol. Den administrative leiinga skal flyttast til Domstoladministrasjonen innan utgangen av 2005. Ansvaret for lovgiving vedrørende jordskifte skal framleis ligge i Landbruks- og matdepartementet. Justisdepartementet skal ha departementsansvar for budsjett og dommarutnemningar. Seksjon for jordskifte i Landbruks- og matdepartementet har det siste året vore noko prega av at dei fleste arbeidsoppgavene skal flyttast frå Oslo til Trondheim i 2005. Alle medarbeidarane har gjort sitt til at flytteprosessen ikkje skal gå ut over effektiviteten i jordskiftearbeidet.

## GODT ÅRSRESULTAT

Jordskifteretten er ein særdomstol som arbeider med saker heimla i jordskiftelova av 1979. Arbeidsoppgavene er i hovudsak omforming av eigedommar, tilrettelegging for samarbeid på tvers av eigedomsgrensar, klarlegging av rettsforhold til fast eigedom, fastlegging av grensar og ulike skjønn.

Jordskiftelova er i dynamisk utvikling i samsvar med dei behova samfunnet har. I 2004 har det vore arbeid med endringar med tanke på å kunne ta i bruk alle verkemidla i jordskiftelova i større grad i byar og tettstadar. Dette er særleg aktuelt i samband med fortetting og samarbeid over eigedomsgrensene ved utbygging m.m. Landbruks- og matdepartementet tar sikte på å legge fram ein lovproposisjon om dette for Stortinget våren 2005.

### RESULTAT 2004

Jordskifterettane avslutta 1007 saker i 2004. Dette er 9% meir enn i 2003, og eit godt resultat, særleg sett på bakgrunn av den omorganiseringa som pågår.

Det blei avgjort 5% færre tvistar enn året før, men talet på tvistar held seg nokså stabilt over tid. Etter at ordninga med rettsfastsettande vedtak blei innført for nokre år sidan, ser det ut til at stadig fleire uklare rettstilhøve blir avklara gjennom denne typen rettsavgjerd. Det reduserer talet på tvistar løyst gjennom dom og rettsforlik.

Areal i skiftefelt blei redusert med 50% til 315036 dekar frå 2003 til 2004. Dette er ein målefaktor som kan variere mykje frå år til år. Men reduksjonen kan og ha samanheng med endra registrering. Tidlegare blei bruksordningsareal rekna inn i skifta areal. Dette er no skilt ut som eiga registrering, og det er registrert bruksordning for 642 km<sup>2</sup> i dei avslutta sakene i 2004.

Vidare går det fram av statistikken at talet på partar i slutta saker held seg nokså stabilt rundt 8000. I 2004 var det 8207 partar. Gjennomsnittet var dermed åtte partar pr. slutta sak i fjor.

1619 km grensar er fastlagt, avmerka og innmålt i 2004 – ein nedgang på knapt 20% frå 2003. Talet på innmålte grensepunkt var 21739. I alt har jordskifterettane behandla 235 km private vegar i 2004 – ein auke på ca. 20% frå 2003.

Omorganiseringa i 2001–2002 hadde som mål å forbetre resultatata med 10% innan 2004. Samanliknar ein talet på slutta saker i 2004 med tala for perioden 1997–2000, er auken på 5%. I same perioden er talet på tilsette redusert med ca. 4%. Produktiviteten kan såleis synast å ha auka med 9% i perioden.

Alt i alt må vi derfor kunne konkludere med at måla frå 2000 er nådd i den grad dette kan målast.



## PROBLEMLØSING FOR PRIVATE VEGAR

Saker i tilknytning til private vegar har etter kvart blitt eit omfattande arbeidsfelt for jordskifterettane. Før gikk desse sakene gjerne ut på å legge til rette rettsgrunnlag og samarbeidsordningar for nybygging av veg. Nå gjeld stadig fleire saker etablering eller revidering av vedtekter og andelsfordeling for eksisterande vegar, der dette grunnlaget er uklart eller andelshavarane er usamde om det. Bildet: Fleire tun kan ha felles tilførselsveg.

## STABIL SAKSTILGANG

Jordskifterettane har redusert restansane sterkt dei siste åra, frå 2558 i 1998/99 til 1912 ved siste årsskiftet. Reduksjonen siste året var ca. 8%. Restansane har ikkje vore så små dei siste femti åra.

Gjennomsnittsalderen på slutta saker er redusert frå 2,9 år i 2003 til 2,4 år i 2004. Saksbehandlingstida ligg på 1,5 år, som i 2003. Dette betyr at gjennomsnittleg ventetid frå sak blir kravd til den blir tatt opp til behandling er redusert med ½ år.

Dette er svært gledeleg, og ei venta utvikling slik restansane har utvikla seg dei siste åra.

Sakstilgangen er også stabil. Det kom inn 820 saker i 2004 mot 821 i 2003. Tilgangen på omarronderingssaker held seg nokså stabilt, medan tilgangen på bruksordning og sams tiltak er noko redusert. Rettsutgreiing og grensegang har auka noko frå 2003.

## JORDSKIFTEOVERRETTANE

Jordskifteoverrettane slutta 58 saker i 2004. Det er ein auke på 10 frå året før. Talet på nye ankesaker var 50, og talet på foreliggende saker ved årsskiftet var 31. Gjennomsnittsalderen på slutta saker var 1,5 år, og gjennomsnittleg saksbehandlingstid var 5 månader. Enkelte store og arbeidskrevande saker kan gjere store utslag på statistikken for jordskifteoverrettane, og kan forklare forholdsvis høg gjennomsnittsalder og saksbehandlingstid i fjor.

ILLUSTRASJONEN er henta frå hovedsida på jordskifte.no



## KOMPETANSEBYGGING OG NYE UTFORDRINGER

Statistikken viser at 2004 har vore eit godt jordskifteår. Reduserte restansar vil merkast positivt for dei som ventar på at jordskifteretten skal komme og løyse problem. Kortare ventetid er og positivt for medarbeidarane ved jordskifterettane. Det er tungt for alle å arbeide med gamle saker. Trenden er gledeleg og eit resultat av ein målbevisst innsats av dommarane, det tekniske personalet og det administrative personalet ved jordskifterettar og jordskifteoverrettar.

Kompetansearbeidet har hatt høg prioritet både sentralt og lokalt i 2004. Dette året blei det gjennomført både dømesamlingar, regionsamlingar og lokale samlingar felles for alle stillingskategoriar. Mange ingeniørar er i gang med utdanning i tingsrett og jordskiftedommarar får vidareutdanning i prosess. Planlegging av eit omfattande kurs i saksbehandling for det administrative personalet kom i gang på slutten av fjoråret etter initiativ frå personalet.

Ein nyorganisert felles administrasjon for alle domstolar vil truleg sette endå større krav til jordskifterettar og medarbeidarar. Det tar vi som ei positiv utfordring.



**Anton Bachke**  
– leiar av Seksjon  
for jordskifte  
i Landbruks- og  
matdepartementet.



## SØK ETTER EIGEDOMMAR PÅ WWW.JORDSKIFTE.NO

Lurer du på om det har vore jordskiftesak på din eigedom? SØK PÅ EIENDOM er ei gratisteneste som ligg på Jordskifterettane sin internettportal: [jordskifte.no](http://jordskifte.no)

Du er velkommen til å besøke jordskiftekontor for å finne opplysningar om din eigedom. Før besøket kan det vere nyttig å finne ute om eigdommen har

vore berørt av sak som jordskifteretten har gjennomført. Det gjer du lett på internett.

Aksel Vikanes (bildet) er oppmålingsingeniør i Ålesund kommune.

I Jordskiftenytt på nett fortel han at denne tenesta er svært nyttig i arbeidet med grenser og eigedommar.

## UTDRAG AV STATISTIKK FOR 2004

Avslutta og foreliggende saker og nye krav ved jordskifterettane i 2004 – fordelt på sakstyper										
	Totalt		Omarrondering		Bruksordning og sams tiltak		Rettsfastsetting og grensegang		Skjønn	
	Tal	Alder	Tal	Alder	Tal	Alder	Tal	Alder	Tal	Alder
Avslutta saker	1007	2,4	287	2,7	174	3,0	540	2,2	6	1,6
Foreliggende	1912	2,5	592	2,9	382	2,8	922	2,1	16	0,7
Nye saker	820		240		116		456		8	

(Alder = gjennomsnittsalder (år) for sakene)

Jordskiftearbeidet – hovedsammendrag av nokre resultatindikatorar for perioden 2000 – 2004					
Resultatindikator	2004	2003	2002	2001	2000
Areal i skiftefeltet (dekar)	315036	647406	488705	665364	724263
Behandla veg (km)	235	192	254	192	185
Behandla tvistar	763	800	1003	777	841
Merka grense (km)	1619	2017	1916	1497	1889
Tal partar	8207	10142	8173	8389	8317

### ÅRSRAPPORT I KORTVERSJON – UTGITT I FEBRUAR 2005

Meir om Jordskifterettane  
finn du på [www.jordskifte.no](http://www.jordskifte.no)

Landbruks- og matdepartementet  
Seksjon for jordskifte  
Boks 8007 Dep  
0030 OSLO  
Telefon: 22 24 92 51

Tidsbruk i 2004 og 2003		
Aktivitet	Prosentfordeling	
	2004	2003
Omarrondering	27	30
Bruksordningar og sams tiltak	14	12
Rettsfastsetting – grensegang	30	29
Skjønn	1	1
Kontoradminstrasjon	12	12
Etterutdanning	7	6
Informasjon, prosjekt, it-drift	9	10